

Embetsmannsgarden Engevik Gaard

frå 1700-talet



Dansketida 1380-1814 og offiserane på Engevik Gaard

1814 og Grunnlova



Dansketida 1380-1814: Noreg var saman med Danmark

- Fase 1: 1380-1536 – Union. Likestilte land med felles konge.
- Fase 2: 1536-1660 – Lydrike under Danmark = del av Danmark. Dansk skriftspråk.
- 1536: Reformasjonen: Kyrkja gjekk frå den katolske til den lutherske læra, kongen vart leiar for kyrkja i Danmark-Noreg i staden for paven, og overtok store jordeigedommar = krongods.
- Fase 3: 1660-1814: Einevelde = kongen i Danmark hadde all makt og bestemte alt, m.a.:
 - Ny organisering av Noreg: Amt (fylke).
 - Embetsmennene var kongen sine tenestemenn i Noreg: fut (kongeleg skattekrevjar), sorenskrivar (representant for lov og rett), prest og offiser (militær representant).
 - Bygde opp ein norsk hær med danske offiserar og norske bondesoldatar.
 - Mange krigar – store utgifter. Kong Fredrik 4. bestemte seg for å selja krongods (eigedommar) til private, m.a. Engevik Gaard.

1814 og Grunnlova

- Januar: Danskekongen var på taparsida i Napoleonskrigane og måtte gje frå seg Noreg til Sverige, som var på vinnarsida (fredsavtalen i Kiel).
- Februar: Den norske statthaldaren prins Christian Fredrik frå Danmark anerkjente ikkje fredsavtalen og kalla inn til stormannsmøte på Eidsvoll. Det vart bestemt å velja ei forsamling som skulle gje Noreg ei grunnlov.
- April: 112 representantar møtte til riksforsamlinga på Eidsvoll.
- Mai: Grunnlova vart vedteke av riksforsamlinga på Eidsvoll 16. mai og underskrive og datert 17. mai. Riksforsamlinga valde Christian Fredrik til konge.
- Mai-juli: Noreg var sjølvstendig.
- Juli: Sverige gjekk til krig mot Noreg 26.7.
- August: Noreg tapte krigen. Våpenkvila underskrive 14.8. ("Mossekonvensjonen").
- Oktober: Stortinget opna for første gong etter nye val og tok avskjed med kong Christian Fredrik som sa frå seg den norske trona.
- November: Stortinget vedtok den reviderte grunnlova 4.11. og valde Carl 13. frå Sverige til norsk konge. Union med Sverige.
- 1814-1905: Union med Sverige med eiga grunnlov og fullt indre sjølvstyre.

Engevik Gaard 1723-2013

- Kjøpt av oberstløytnant Christian Wilhelm Segelcke (1682-1763) ca 1723 – vart offisersgard og militær sjefsgard i vel 100 år – offiserane var kongen sine menn.
- Andregenerasjon offiserar: Major Hartvig Carl Filip Segelcke – bygde dagens hovudhus i 1770.
- Tredjegerasjon offiserar: Knut Nyegaard – gift med Anne Christine Segelcke.
- Åttande generasjon etter C. W. Segelcke: Lars Johan Ditmarsen – tipptippoldeson til Anne og Knut Nyegaard – driv Engevik Gaard som gjestegard saman med kona Anne.
- Byggeskikk: Ein offisersgard måtte òg ha hus til dei ulike funksjonane som høyrde til på ein gard, akkurat som andre gardar. Men dei var gjerne større og flottare. Stilen er bergensklassisisme med halvvalma tak – embetstradisjon. Flott hage. Ni bygningar frå 1700-talet: Våningshus, borgstove (tenarhus), eldhus, stabbur, skytje, smie, sjøbu, naust og hønsehus.